

Breidablikk hytteforening

Referat frå styremøte i Breidablikk hytteforeining

Dato: 15. juli 2018, kl. 10.00 – 12.00

Tilstades på møtet: Kirsti, Roger, Tor, Kjell på telefon

Sak: 171008-3 Parkeringsplassen og vegen opp: Vi har kontakta Statens vegvesen (SV) om vegansvar og vedlikehald, som svarer at dei har ansvar for tilkomstvegen frå RV15, men ikkje Gml. Geirangerveg som SV meiner er Skjåk Kommune (SKM) sitt ansvar. SV har utført grusing av vegen opp til parkeringsplassen etter at den vart øydelagt i snøsmeltinga i mai. Vi meiner vegen må høvlast og grusast slik at køyrebanen kjem høgare enn vegskuldrane for at regnvatn og tilsig av vatn skal renne ut av vegbana. Vi følgjer opp saka og behovet for vedlikehald av parkeringsplassen. SKM vil kontakt SV for å få til ei synfaring av vegen og parkeringsplassen.

Sak: 171008-3 Gamle Geirangerveg: Vi har retta spørsmål til Skjåk Kommune (SKM) om plan for vedlikehald av Gml. Geirangerveg. Vegen var også tema i møtet mellom SKM og Hytteforeiningane i juni, der det også vart konkludert at det er uklart eigarforhold mellom SV og SKM, samt at vegen er verna slik at også Riksantikvaren er i bildet. Etter det vi kjenner til står framleis SV som grunneigar av vegen, og har dermed også det juridiske ansvaret for vedlikehald så lenge vegen er open for gjennomkjøring. I gjeldande reguleringssplan for Breidablikk hyttefelt går det fram at hyttene har tilkomst frå offentleg veg (Gml. Geirangerveg). Saka må følgjast opp med tanke på strakstiltak på vedlikehald og langsiktig plan for opprusting av vegen.

Sak: 171008-4: Innlagt vatn - Omregulering: Innlagt vatn var tema på møtet mellom SKM og Hytteforeiningane i juni. SKM gjorde det klart at dei ikkje ynskjer ein praksis med individuelle dispensasjonssøknadar frå hytteeigarane, men at det er betre å søkje om ei reguleringssendring av området. SKM ba om at hytteforeiningane kjem med ein henvendelse til kommunen med ynskje om omregulering for muligkeit for innlagt vatn, og at det på den bakgrunn vert sett i gong utredning av ein VAR-plan for området, med ein eigen VA-analyse/rapport for korleis dette kan gjennomførast. På møtet med SKM la vi frå Breidablikk hytteforeining fram at det ikkje er ynskje med eit påbod om innlagt vatn, men at det skal vere mulig for dei som ynskjer det å få legge inn vatn mot å foreta installasjon av den type rensing av avløpsvatnet som SKM finn nødvendig etter utredning i ein VA-analyse/rapport.

Sak: 180715-1: Vasspostane i hyttefeltet: Det er behov for kontaktinformasjon på vasspostane i tilfelle driftsproblem. Vi vil be om at SKM med jamne mellomrom tek prøver frå vasspostane og informerer oss om resultatet. Vi sender brev til SKM.

Sak: 180715-2: Breiband: På møtet med SKM og Hytteforeiningane informerte SKM om at det vert prioritert breiband til fastbuande, og deretter til hyttefelta. Det er truleg snakk om 2-3 år før hyttefelta kan få breiband.

Sak: 180715-3: Renovasjon: Det er gjort ein henvendelsen til SKM om å utarbeide ein plan for avfallshandtering i hyttefelta, med forslag om avfallscontainarar for grovavfall på «Tippen» på Grotli. Det blir som før kontainer for husholdningsavfall både på Grotli og i Breidalen. SKM har saka til vurdering.

Sak: 180715-4: Førebuing til Årsmøte 2017:

Stad og tid for årsmøte og medlemsmøte: Grotli Høgfjellshotell, 1. september 2018, kl. 18:00 – 20:00

Middag med sosialt samvær: 20:00 –

Vi sender ut årsmøtepapir ca. 16. august 2018.

Neste styremøte vert før årsmøtet/medlemsmøtet 1. september 2018 kl. 16:30, på Grotli.

5.8.2018,

Referent Kirsti Gjørvad